

**SAK 10/21 UTVIKLING NORTURA GOL, VIDARE ARBEID****Saksopplysning**

Med bakgrunn i planane til Nortura om å leggje ned den største industriarbeidsplassen i Hallingdal med om lag 80 heiårsarbeidsplassar og omtrent 150 i sesong, handsama

Regionrådet i sak 50/20 «Forstudie utvikling Nortura Gol» der det vart gjort slikt vedtak:

1. Regionrådet for Hallingdal ynskjer å setja i gang ei forstudie/mogelegheitsstudie, i eit arbeid for å utvikle Nortura sitt anlegg på Gol.
2. Kostnadane er rekna til i storleik kr. 120.000, der det blir føreslege til finansiering:
  - Regionrådet for Hallingdal kr. 40.000
  - Gol kommune kr. 40.000
  - Viken fylkeskommune, kr. 40 000. (Tidligare regionale utviklingsmidlar øyremerka Hallingdal)
  - Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 40.000 til arbeidet frå potten Strategisk plan for Hallingdal.
3. Dagleg leiar får i oppdrag å:
  - Avklare mogeleg finansiering frå Gol kommune og Viken fylkeskommune.
  - Engasjere fagpersonar til å utføre fagleg del av forstudie
  - Etablere ei eigna ressursgruppe
  - Nødvendig oppfølging slik at forstudie er gjennomført i løpet av november 2020.
4. Saka blir unntatt off. med heimel i off. lova §15, 2.ledd, fram til 27.nov.

Norwegian Food Trade vart engasjert til å vurdere mulige tiltak for å øke produksjonen ved Nortura anlegg på Gol. Dette kan omfatte områder som endret fordeling av bearbeiding av ulike dyreslag, mulige nye produktområder eller andre tiltak som kan gi økt utnyttelsesgrad av anlegget. Med bakgrunn i m.a. pågåande prosessar vart forstudie lagt fram for Regionrådet for Hallingdal i sak 02/21 der det vart gjort slikt vedtak:

*«Regionrådet ber administrasjonen setja ned ei arbeidsgruppe og utarbeide ei sak om vidare framdrift, kven som gjer kva og korleis påverknadsprosessane mot NORTURA bør vera. For å ha god framdrift må saka handsamast seinast i veke 6, altså før neste ordinære regionrådsmøte.»*

**Vurdering**

Med bakgrunn i forstudie og drøftingar blir det vurdert som svært viktig at Hallingdal har eit felles fokus for å sikre arbeidsplassar og utvikle Nortura sitt anlegg på Gol, dette er ingen tapt kamp. For å lykkast kan det vera føremålstenleg med ei etappevis tilnærming, der det er mogeleg å justere strategi, arbeidsomfang og framdrift ut frå ytre omstende, som kan påverke arbeidet.

I det vidare arbeidet er det skissert følgjande to hovuddelar:

1. Definere og vurdere utvikling av Nortura Gol, ved aktuelle scenario
  - Utarbeide nærmare marknadsanalyser, der det er naudsynt
  - Utarbeide strategiar og gjennomføre aktuell informasjon og drøfting (påverking)
2. Vurdere alternative løysingar for å sikre arbeidsplassar med bakgrunn i kjøtt frå fjell-Norge, og vidareforedling av desse.
  - Utarbeide nærmare marknadsanalyser, der det er naudsynt
  - Utarbeide strategiar og gjennomføre aktuell informasjon og drøfting

Det blir vurdert som føremålstenleg å koma i gang med arbeidet del 1. snarast råd. Dette er eit arbeid som vil gå føre seg fram mot sommaren 2021.

Eventuelle gjennomføring og omfang av del 2 vil fyrst bli klarlagt i prosess del. 1.

Til å gjennomføre denne type arbeid er det heilt avgjerande at det blir engasjert person(ar) som har spisskompetanse innan fagområdet. Det kan vera vanskeleg å talfeste storleik på denne type oppdrag, som m.a. er avhengig av pågåande prosessar i Nortura og andre ytre faktorar som kan vera vanskeleg å forutsjå.

Det blir føreslege å ei kostnadsramme på kr. 300.000 til kjøp av tenester. I tillegg vil Regionrådet for Hallingdal kunne legge ned ein god del eigeninnsats.

Når det gjeld finansiering blir det føreslege ei tre-deling mellom Regionrådet for Hallingdal, Gol kommune og Viken fylkeskommune.

Tiltaket er tenkt organisert som eit prosjekt med Regionrådet for Hallingdal som styringsgruppe og med prosjektleiar frå eigen organisasjon. I tillegg blir det føreslege å etablere ei eigen arbeidsgruppe med ein representant frå Regionrådet for Hallingdal.

Det kan og vera aktuelt med ei eigen referansegruppe.

### **Forslag til vedtak**

1. Med bakgrunn i forstudie utvikling Nortura Gol vil Regionrådet for Hallingdal setja i gang eit vidare arbeid, med utgangspunkt utvikling Nortura Gol.
  2. I det vidare arbeidet er det skissert følgjande to hovuddelar:
    - Definere og vurdere utvikling av Nortura Gol, ved aktuelle scenario
    - Vurdere alternative løysingar for å sikre arbeidsplassar med bakgrunn i kjøtt frå fjell-Norge, og vidareforedling av desse.
  3. Kostnadane er rekna til i storleik kr. 300.000, der det blir føreslege slik finansiering:
    - Regionrådet for Hallingdal kr. 100.000
    - Gol kommune kr. 100.000
    - Viken fylkeskommune kr. 100.000
- Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 100.000 til arbeidet frå potten Strategisk plan for Hallingdal.
4. Regionrådet for Hallingdal vil vera styringsgruppe for arbeidet, der ..... også vil vera medlem i arbeidsgruppe.
  5. Dagleg leiar får i oppdrag å:
    - Avklare mogeleg finansiering frå Gol kommune og Viken fylkeskommune.
    - Engasjere prosjektleiar
    - Engasjere fagpersonar til å utføre fagleg del av forstudie
    - Etablere eigna arbeidsgruppe

Hallingdal 9.2.2021

Knut Arne Gurigard  
Seniorrådgjevar